

Emne:	<b>Referat frå skulebesøk på U. Pihl vgs, 22.4.16</b>	
Til stades:	Rektor Henning Østensen, ass. rektor Kari Bruvik, avd. leiar Eli Smith Egeland, elevinspektør Charlotte Castadot, ATV Terje Skaar, elevrådsleiar Jasmina Ameer, elevrådsrepresentant Marie Jensen, Dag Vartdal Carlsen (ny ass. rektor frå 16/17), Arvid Brurok (observatør frå Tertnes vgs). Frå opplæringsavdelinga: regionleiar Hillevi Runshaug og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik.	
Forfall:		Sak: 2016/300-12
Møtetid:	0830-1130	Møtestad: U. Pihl vgs

**Møteleiar: Hillevi Runshaug**  
**Referent: Tor Ivar Sandvik**

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdsbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane, gjennomført skulebesøk ved U. Pihl vidaregåande skole.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

## **B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde**

### **1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid:** *klasseleiing*

Skulen gav ein kort repetisjon av korleis dei har jobba med å utarbeide dokumenta «den gode timen» og «den gode klassen».

Innanfor området klasseleiing har skulen dette året prioritert å jobbe med verktøyet *planleggeren* i Its learning. Bakgrunn for det var elevane sitt ønskje om ein meir tydeleg vekeplan.

Verktøyet blei presentert for lærarane ved slutten av førre skuleår, og skulen la ein plan for bruk av verktøyet. Det blei satt opp fast kursing. Minstekravet var at alle lærarane skule bruke verktøyet i minst eitt fag. Status i dag er at mange lærarar har teke *planleggeren* i bruk, men ikkje nødvendigvis i alle fag.

Elevane meiner verktøyet er godt for deira eiga førebuing. Det gir god oversikt og dei opplever at det er lettare å følgje progresjonen i fag enn tidlegare. Verktøyet er litt mindre ryddig for Vg2- og Vg3-elevane pga

omfanget av programfagstimar. *Planleggeren* er også tilgjengeleg som ein app, men ein må ha internetttilgang for å kunne nytte denne.

Skulen har kontaktlærarforum på tre nivå, med faste møte kvar 14. dag. Det blei særskilt drøfta korleis skulen systematisk jobbar med oppfølging av Elevundersøkinga. Alle klassane har blitt utfordra på kva satsingsområde lærarane og elevane ser, og har levert ein rapport til leiinga. Som ei følgje av arbeidet gav elevane uttrykk for at fleire lærarar har blitt meir opptekne av kva elevane tenker om undervisninga.

Døme på tema som har kome fram er vurdering for læring og ulik praktisering av reglar. Det blei også drøfta at fleire omgrep som t.d. «klasseleiar», kan tolkast ulikt frå lærar til lærar. Det blei uttrykt at slike omgrep må operasjonaliserast på gruppenivå.

Skulen har i tre år satsa på firkantmøte som reiskap for å styrke elevmedverknad og kvalitet i undervisninga. Forma på møta har endra seg over tid, og inneverande skuleår har alle møta teke tak i positive forhold i undervisninga.

Klassens time i forkant av firkantmøta har drøfta kva som opplevast som positivt i dei ulike faga, samt kome med konstruktiv kritikk. Elevane opplever at dei har følt endring i undervisninga viss dei har kome med konstruktiv kritikk.

Andre erfaringar frå klassens time er at arenaen kan brukast til elevrådsarbeid og til å styrke klassemiljøet. Ein opplever at det ofte ikkje er saker å ta opp og at det kan vere vanskeleg å engasjere medelevane. Elevane i møtet opplever at samarbeidet med kontaktlærar er god i forkant av klassens time, der dei spør kvarandre om ulike saker som skal eller kan takast opp.

Gode erfaringar og god praksis som kjem fram i firkantmøta blir delt med resten av kollegiet. Det blei likevel løfta fram at lærarane opplever ein viss motstand mot firkantmøta pga. at det berre er kontaktlærar som deltek. Det betyr at faglærarane ikkje har same mogelegheit til å drøfte elevmedverknad og kvalitet på undervisninga, sidan det p.t. er enkeltfag som blir drøfta i møta. Ein bør vurdere innrettinga på firkantmøta, slik at fleire lærarar føler nytte av ei slik ordning eller om møtet bør drøfte andre område, t.d. læringsmiljø, enn fagspesifikke forhold.

**2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupe:** *Korleis har skulen arbeidd dette året med å nå måla for klasseleiing og elevmedverknad? Korleis vurderer skulen at tiltaka verkar inn på hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring?*

Mykje av tematikken blei omtalt under punkt B1, særleg knytt til firkantmøte og arbeid med Elevundersøkinga.

Det blei løfta fram at elevgrunnet har endra seg mykje dei seinare åra, både sosialt og pedagogisk, og at lærarane derfor har fått ein annan kvardag. Ein må tilpasse oppfølging og undervisning på ein annan måte enn tidlegare.

### C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring

**Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.**

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**

- ungdomsskule – vidaregåande opplæring
- mellom nivåa i vidaregåande opplæring
- mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv

Skulebesøket våren 2015 peika på at ein har meir å hente på samarbeid med ungdomsskulane og foreldre/føresette. Skulen har møtearena med ungdomsskulane, særleg knytt til rådgivarane, men utover det har ikkje det vore sett i verk nye tiltak.

Når det gjeld foreldre/føresette, har skulen på foreldremøte gått gjennom ressursar dei kan nytte for å hjelpe ungdommane i skulearbeidet, noko som har vore godt motteke.

- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**

Skulen går gjennom resultat frå termin 1 og ser spesielt på stryk og IV. I timeplanlagt fagsamarbeid går lærarane gjennom same resultat, og leiinga har hatt møte med enkeltlærarar med mål om å få fleire til å gjennomføre viss det er for mange elevar som har karakteren 1 eller IV.

Skulen nyttar timeplan og timeplanlegging som eit styringsverktøy. Leiinga legg til rette for samarbeid.

Gjennom fagsamarbeid har leiinga også lagt til rette for lokalt læreplanarbeid gjennom at lærarane saman skal lage opplegg for ulike kompetansemål og gjennomføre felles planar i fag. Naturfag blei i møtet trekt fram som eit fag kor samarbeidet har fungert optimalt.

Elevane i møtet gav gode tilbakemeldingar og stadfesta at både elevar og lærarar no samarbeider meir. Ei utfordring som blei trekt fram i forbindelse med parallelllegging av timar var at det gjer vikarsituasjonen vanskelegare.

Leiinga gav også uttrykk for i møtet at det er forbetningspotensiale på om oppfølging av fagsamarbeidet er systematisk nok.

Skulen har to lærarspesialistar i høvesvis norsk og matematikk. Ordninga fungerer godt i matematikk, men i varierende grad i norsk. Lærarspesialisten i matematikk er ein viktig person i utviklingsarbeidet og sentral i leiinga si oppfølging av arbeidet. Mellom anna har skulen kartlagt elevane betre i år gjennom eigenprodusert kartleggingsprøve, der ein har tatt utgangspunkt i kompetansemål frå grunnskulen. På den måten har ein fått betre fram fagspesifikke hol i faget.

Elevane i møtet gav uttrykk for at dei ønskjer at avdelingsleiarane skal observere undervisning, som ein del av skulevandring. Dette er ein type metode som også er aktuell med tanke på det ansvaret leiinga har i ny plattform for pedagogisk utviklingsarbeid, jf. nytt styringsdokument.

- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Temaet blei dekket i punkt B1, men andre emne som blei diskutert var at elevane ønskjer at lærarane bør vere meir merksam på korleis elevane har det. Dei ønskjer ein jamnare dialog om både faglege og sosiale høve.

Skulen vurderer å starte opp VIP-programmet frå neste år.

#### **D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare**

Skulen har ikkje jobba med nytt styringsdokument enda. Møtet diskuterte kort kva den pedagogiske plattformen betyr, og kva forventningar som blir stilt gjennom nytt styringsdokument. Mellom anna er det et tydelegare krav til skulane om å vurdere eiga verksemd og utforme satsingsområde på bakgrunn av denne vurderinga.

#### **E. Oppsummering og evaluering**

Skulebesøket blir opplevd som eit godt bidrag til å skape vidare refleksjon rundt eigen praksis og utviklingsarbeid.

Skulen opplever at dei bør fortsetje mykje av arbeidet som er starta opp. Firkantmøta er gode strukturar for å jobbe med elevmedverknad, og det blei drøfta i møtet at ein bør vurdere å ta med faglærarane i møta, og ikkje berre kontaktlærarane. Eventuelt kan innhaldet i møta dreie seg meir om læringsmiljø enn fagspesifikke høve.

Skulen jobba godt med å nytte resultat frå elevundersøkinga i utviklingsarbeidet, og fekk skryt for tilnærming og systematikk i arbeidet. Det blei likevel løfta fram at det er utfordrande å finne gode måtar å vurdere eiga verksemd på. Ein må finne gode metodar for å systematisere oppfølging av tiltak ein set i gang.

Lærarmedverknad blei trekt fram som avgjerande for at utviklingsarbeid skal vere vellukka.

Det vart også reflektert i avslutninga at det generelt er lite kunnskap om kva som føregår på andre skular, og at skulane derfor burde dele eigne utviklingsplanar. For dei eksterne deltakarane blei det opplevd positivt å delta, då eit møte gir betre oversikt over skulen sine aktivitetar enn å lese seg opp på skriftleg dokumentasjon.

Elevane gav uttrykk for at dei generelt fekk eit betre innblikk i skulen sine aktivitetar, men trekte også særskilt fram auka kunnskap om korleis leiinga jobbar. Dei ønskjer å ta med seg erfaringane tilbake til elevrådet og formidle vidare informasjon om aktivitetar som ikkje nødvendigvis er like synlege for elevane til dagleg.

**Referatet er godkjent av:**

**Rektor Henning Østensen  
Regionleiar Hillevi Runshaug**